

Kommunale næringsfond



3.september 2015 – Gloppen Hotell

- Vi vil gå gjennom
 - Evaluering av kommunale næringsfond
 - Retningsliner for kommunale næringsfond
 - Retningsliner frå fylkeskommunen
 - Rolledeling i finansieringssaker
 - Notat om prinsippvurderingar
 - Retningsliner frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Kommunale næringsfond

Store delar av fylkeskommunen sine midlar til regional utvikling kjem frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD).

Midlane fylkeskommunen tildeler vidare til kommunale næringsfond kjem frå KMD.

Evaluering av kommunale næringsfond

- I vinter gjennomførte vi ei evaluering av ordninga kommunale næringsfond.
 - I perioden 2011-2015 har ramma gått ned med over 7 mill. kr
 - Med ei lågare ramme får de (kommunane) fleire utfordringar
 - då ein blant anna må velje mellom å støtte mange med små summar eller tildele midlar til få prosjekt/tiltak men med høgare sum.
- I evalueringa såg vi også på fordelingskriteria
 - Fordelingskriteria vart oppfatta som rettvise og stabile
 - stimuleringstilskot på kr. 100 000 kvar for felles fyrstelineteneste og felles næringsfond, etter at stimuleringstilskota er fordelt vert 60 % fordelt likt mellom kommunane og dei resterande 40 % vert fordelt på grunnlag av folketal.
 - Evalueringa syner også at rolledelinga mellom kommunane og Innovasjon Norge er klar og fungerer.

Rolledeling mellom kommunane og Innovasjon Norge

- Gjeldande grense for bedriftsutviklingstilskot:
 - søknadar med samla kapitalbehov (totalkalkyle) inntil kr. 200 000 vert finansiert gjennom kommunale næringsfond/kraftfond.
- Bedriftsfinansieringssaker som ligg over grensene for kapitalbehov skal sendast vidare til Innovasjon Norge dersom dei ligg innafor Innovasjon Norge sine prioriterte satsingsområde.
- Parallellfinansiering mellom Innovasjon Norge og kommunane skal unngåast, då dette gir dobbel sakshandsaming.

Ambisjon om å vri bruken mot bedriftsretta støtte

- I føringane frå KMD ligg det at fylkeskommunen, og andre som får midlar over Kap. 551 skal prioritere bedriftsretta innsats med føremål om å utvikle arbeidsplassar til verdiskaping.

- Fylkeskommunen har ein ambisjon om å vri bruken av kommunale næringsfond meir mot bedriftsretta støtte.
 - Evalueringa syner at kommunane fokuserer meir på bedriftsretta støtte enn tidlegare.
 - I 2014 vart over 50 % av midlane frå kommunale næringsfond nytta til bedriftsretta støtte.
- Kommunane er også flinke å støtte tiltak/prosjekt som rettar seg mot dei prioriterte målgruppene kvinner og unge.

Over på retningslinene

Retningsliner som må fylgjast

- Retningsliner for tildeling av midlar til kommunale næringsfond
 - Retningsliner for arbeidsdeling i finansieringssaker (rolledeling med Innovasjon Norge)
 - Retningsliner for distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar (retningsliner for Kap. 551, post 60 og 61)
 - Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar
-
- Retningslinene finn de på sfj.no
- Sjå også notat om prinsippvurderingar (låg ved tilskotsbrev 2015).

Kven kan motta midlar og kva kan dei brukast til?

- Tilskotet skal i utgangspunktet ha utløysande effekt. Det vil seia at tilskotet skal bidra til at prosjekt som elles ikkje ville ha blitt gjennomført vert realisert. Ikkje tilstrekkeleg at tilskotet bidreg til å halde oppe eit tilbod.

Tilskot kan tildelast følgjande typar prosjekt/tiltak

- Prosjekt/tiltak kor formålet er å utvikle tilbod og rammeføresetnadar som kan styrke og vidareutvikle næringslivet og den regionale arbeidsmarknaden.
- Prosjekt/tiltak som bidreg til at regional og lokalsamfunn blir meir attraktive å bu i og flytte til.

- Med prosjekt og tiltak meinast oppgåver og aktivitetar som:
 - Er tidsbegrensa, ein kan kun gi tilskot i fem år, sjølv om prosjektet varar lenger.
 - Har fokus på utprøving, initiering og oppstart.
 - Har organisering, kostnadar og finansiering som er direkte knytt til prosjektet/tiltaket sitt føremål.

Prioriterte målgrupper

- Kvinner
- Unge (18-35)
- Innvandrere

Over på «Ikkje lov» delen av
retningslinene.....

Avgrensing av verkemiddelbruken

Ein skal ikkje nytte midlane til eller tildele midlar til følgjande:

1. Drift av næringsverksemd eller organisasjonar.

- MEN det kan bli gitt støtte til prosjekt i regi av næringssekskap og kommunen sjølv, men dette må då vere eit reelt prosjekt, og ikkje ein måte å finansiere drifta på.
 - Driftskostnadar i prosjekt
 - Kan støtte prosjekt i inntil 5 år
 - Tilskotet kan òg dekke driftskostnadar i prosjektet – sjå definisjonar i retningslinene.

2. Midlane skal heller ikkje nyttast til å finansiere investeringar/ og eller drift og vedlikehald av statlege, fylkeskommunale eller kommunale driftsoppgåver eller lovpålagde oppgåver.

- Ikkje høve til å gje tilskot til språkopplæring som er lovpålagd, men departementet har tidelegare sagt at det er høve til å støtte opplæring når utenlendingar IKKJE har rettigheter og plikter til norskopplæring etter lova (EØS-borgarar).

Men: inntil 5 % til administrasjons- og gjennomføringskostnader

- Administrasjons- og gjennomføringskostnader er følgende:
 - Personalkostnader
 - Lønnsutgifter, pensjon, sosiale kostnader og liknande
 - Overhead
 - Indirekte kostnader tilknytt medarbeidarar, IT, kontorutgifter og tilhøyrande administrative tenester
 - Reisekostnader
 - Midlane skal brukast til å kompensere for utgifter hjå aktørar frå næringslivet, herunder tapt arbeidsforteneste, møtegodtgjersle og andre reiseutgifter.

- Kva som er ordinære driftsoppgåver kan i nokre tilfelle vere uklart.
 - Det er til dømes i liten grad høve til å nytte midlane til planleggingsarbeid. Då dette i stor grad vert rekna som driftsoppgåver, eller som del av kommunen eller andre aktørar sine ordinære oppgåver. Planlegging er også ofte lovpålagt.
 - **Nokre døme:**
 - **Tilskot til interkommunalt planarbeid og felles planstrategi:** utafør det som er mogeleg å nytte kommunale tilskot til. Dette er ordinær drift.
 - **Ikkje høve til å gje tilskot til reguleringsplanar.** Dette gjeld uavhengig om reguleringsarbeidet er i privat eller offentleg regi.
 - **Planleggingsarbeid knytt til vegbygging og analysar knytt til dette.**
 - **MEN** kostnadar direkte knytt til stadutvikling (gang og sykkelveggar, parkar, fellesareal, stadanalysar m.m) kan i nokre tilfelle støttast. Då må dette skiljast tydeleg ut frå planlegging av veg.
 - **Ver varsam når det gjeld å nytte midlar til planlegging.**

Det sentrale er å hugse at driftsstøtte ikkje er lov, uavhengig om tilskotsmottakar er ein kommune eller ikkje (sjå detaljar i KMD sine retningsliner).

Ikkje lov

3. Kausjon eller annan økonomisk garanti.
4. Direkte eller indirekte investering i verksemder sin egenkapital.
5. Renter og avdrag på lån og re-finansiering av allereie gjennomførte prosjekt.
6. Å avsette midlar til uspesifiserte fond.
7. Politikkførebuande aktivitetar internt hjå forvaltar eller i regi av forvaltar, herunder kjøp av tenester i samband med utforming av nye tiltak og lovpålagte eller eigeninitierte plan- og strategiprosessar.

Fylkeskommunen sine retningslinjer

- Bruken av midlar skal vera godt forankra i kommunen sine strategiar
- Anna regelverk: forvaltningslov, offentleglov, innkjøpsregelverk osv.
- Vekt på kurs og kompetanse

Prinsippvurderingar knytt til bruken av KNF.

- **Destinasjonsselskap**

- Ikkje høve til å nytte midlar til kommunal eigendel til destinasjonsselskapa jf. punkt om driftsstøtte.
- **Men** kommunane kan støtte prosjekt i regi av destinasjonsselskapa, der prosjekt elles tilfredsstillar krava i retningslinene. **Unnataket** er prosjekt der fylkeskommunen er inne med tilskot jf. punkt om **samfinansiering**.

- **Arrangement/festivalar**

- Og her gjeld reglane om at ein kan støtte prosjekt og tiltak som er:
 - Tidavgrensa
 - Har fokus på utprøving, initiering og oppstart
 - Har organisering, kostnader og finansiering direkte tilknytt prosjektet/tiltaket sitt føremål.
 - Skal leia fram til eit bestemt resultat.

- **Lån**

- Tidlegare var det høve til å nytte næringsfondet til å gje lån. Dette er ikkje lenger mogleg. No er det kun høve til å gje tilskot.

- **Samfinansiering**

- Det kan berre i heilt spesielle tilfelle vere finansiering av eit prosjekt både frå fylkeskommunen og kommunale næringsfond. Dersom det skal gjerast unnatak må støtta ha utløysande effekt for prosjektet, og det må vere prosjekt med regional effekt. Unnataket skal avklarast mellom fylkeskommunen og kommunane på førehand.

Til slutt

- Regelverk og god sakshandsaming skal leggja grunnlaget for god bruk av midlane – og best mogleg effekt